



Møteprotokoll for Ungdomsrådet

Møtedato: 04.10.2018
Møtestad: Møterom 1
Møtetid: 14.00 - 17.00

Til stades i møtet: Susanne Sørli Slettebakken (leiar), Ling Michelle Aadahl, Ole Monrad Eikeland, Bettina Tvedt, Ebbe Io (1.nestleiar), Marcus Skjelvik (2.nestleiar), Hedda Elise Winther, Simon Eilertsen.

Vara utan stemmerett: Anna Sandvik, Shara Hofland, Malene Grønhaug Buen, Elias Jordan El Fakraoui, Anne-Sofie Knudsen Håvik.

Desse møtte frå administrasjonen: Leiande helsesøster Tove Wiig Aadland, helsesøster Maria Kristine Skjellanger, ingeniør Harry Finseth, byggjesaksansvarleg Merethe Tvedt.

Sakliste

Saknr	Tittel
31/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
32/2018	Godkjenning av møtebok
33/2018	Referatsaker
34/2018	Konstituering av Ungdomsrådet 2018/2019
35/2018	Helsestasjon for ungdom - orientering
36/2018	Høyring - Kunngjering av reguleringsplan for kollektivknutepunkt og infartsparkering på Flatøy, offentlig ettersyn
37/2018	Reguleringsplan for KV 1133 Myrvollane til Hestdal - Offentleg ettersyn og høyring
38/2018	Val av representantar til Hordaland nettverkssamling 2018

39/2018 Aktuelle saker

41/2018 Logo - Trygt og godt miljø

31/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

04.10.2018 UNGDOMSRÅDET

Sak 37 vart behandla før sak 36. Sak 40 vart behandla før sak 38. Etter det vart saksliste følgd.

UR - 31/2018 VEDTAK:

Innkalling og sakliste med tilleggssakar og endra rekkefølge på sakliste vert godkjent.

32/2018: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

"Møtebok vert godkjent."

04.10.2018 UNGDOMSRÅDET

UR - 32/2018 VEDTAK:

Møtebok vert godkjent.

33/2018: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

"Meldingane vert tekne til orientering."

04.10.2018 UNGDOMSRÅDET

Det låg ikkje føre skriv og meldingar.

UR - 33/2018 VEDTAK:

34/2018: Konstituering av Ungdomsrådet 2018/2019

Rådmannen sitt framlegg:

Ungdomsrådet består av følgjande representantar for 2018/19:

Danielsen ungdomsskule

8. trinn: Representant er Hedda Elise Winther og vara er Mathias Alvær.

9.trinn: Representant er Nathaniel Andersen og vara er Magdalena Lavik.

10.trinn: Representant er Simon Eilertsen og vara er Anna Sandvik.

Meland ungdomsskule

8. trinn: Resultat frå valet er ikkje meldt inn.

9. trinn: Representant er Bjørn Ian Sagstad og vara er Malin Rasmussen.

10. trinn: Resultat frå valet er ikkje meldt inn.

Rosslund ungdomsskule

8. trinn: Representant er Ole Monrad Eikeland og vara er Shara Hofland.

9. trinn: Representant er Bettina Tvedt og vara er Elias Jordan El Fakraoui.

10. trinn: Representant er Ebbe Io og vara er Malene Grønhaug Buen.

Vidaregåande skule

1.vgs: Representant er Susanne Slettebakken og vara er Daniel Bratshaug. Representant er Ida Herland og vara er Sofie Bastesen.

Som leiar vert valt: ...

Som første nestleiar vert valt: ...

Som andre nestleiar vert valt:...

Susanne Sørli Slettebakken stilte til val som leiar. Ebbe Io, Marcus Skjelvik og Simon Eilertsen stilte til val som nestleiar. Kandidatane heldt valtalar og det vart halde hemmeleg val.

UR - 34/2018 VEDTAK:

Ungdomsrådet består av følgjande representantar for 2018/19:

Danielsen ungdomsskule

8. trinn: Representant er Hedda Elise Winther og vara er Mathias Alvær.

9.trinn: Representant er Nathaniel Andersen og vara er Magdalena Lavik.

10.trinn: Representant er Simon Eilertsen og vara er Anna Sandvik.

Meland ungdomsskule

8. trinn: Representant er Marcus Skjelvik og vara er Anne-Sofie Knudsen Håvik.

9. trinn: Representant er Bjørn Ian Sagstad og vara er Malin Rasmussen.

10. trinn: Representant er Ling Michelle Aadahl og vara er ikkje meldt inn.

Rosslund ungdomsskule

8. trinn: Representant er Ole Monrad Eikeland og vara er Shara Hofland.

9. trinn: Representant er Bettina Tvedt og vara er Elias Jordan El Fakraoui.

10. trinn: Representant er Ebbe Io og vara er Malene Grønhaug Buen.

Vidaregåande skule

1.vgs: Representant er Susanne Slettebakken og vara er Daniel Bratshaug. Representant er Ida Herland og vara er Sofie Bastesen.

Som leiar vert valt: Susanne Sørli Slettebakken

Som første nestleiar vert valt: Ebbe Io

Som andre nestleiar vert valt: Marcus Skjelvik

35/2018: Helsestasjon for ungdom - orientering

Rådmannen sitt framlegg:

Ungdomsrådet tek orienteringa til vitande

04.10.2018 UNGDOMSRÅDET

Tove Wiig Aadland og Maria Kristine Skjellanger presenterte seg og orienterte om helsestasjonen for ungdom.

Susanne Sørli Slettebakken: Er dette eit varig tilbod?

Tove Wiig Aadland: Vi har fått midlar for 2018, men håper å fortsette vidare. Det er eit tilbod i Knarvik, men eit tilbod på Frekhaug har vore savna. Det er usikkert korleis det vert når vi vert samanslått til Alver, men håper at det vert ein varig avdeling på Frekhaug.

UR - 35/2018 VEDTAK:

Ungdomsrådet tek orienteringa til vitande

36/2018: Høyring - Kunngjering av reguleringsplan for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy, offentlig ettersyn

Rådmannen sitt framlegg:

Ungdomsrådet kjem med inspel i møtet.

04.10.2018 UNGDOMSRÅDET

Merethe Tvedt orienterte om plansaka.

Ungdomsrådet sine innspel til prosjektet:

Marcus: Skal det bli ny terminal og kor stort er området?

Merethe: Det blir ny kollektiv terminal og ny innfartsparkering, heile området er 43 daa.

Marcus: Blir hus ramma av arbeidet?

Merethe: Eit hus blir ramma, vegvesenet har vært i kontakt med eigar og dei får erstatning.

Marcus: Kva skjer med den gamle terminalen?

Merethe: Det vert utvidning av vegen.

Anna: Kva skjer med E39?

Merethe: E39 vert uendra, fylkesvegen vert utvida og gang og sykkelveg blir liggande.

Marcus: Kor mange parkeringsplassar vert det?

Merethe: Parkeringsplassane auker frå 69 til 190 og kan utvidast ved behov.

Ole Monrad: Vert det ladestasjon for Elbil og er dette gratis? Då er det sannsynleg at folk som eigentleg ikkje treng strøm bruker dei likevel og folk som treng strøm ikkje får moglegheit.

Merethe: Det vert ladestasjon, trur det blir mot betaling.

Elias: Kjem det bompengestasjon på Flatøy og vil folk parkere der dersom dei må betale bompenger, i staden for på Frekhaug ?

Merethe: Det er usikkert kvar bompengestasjonene kjem.

Ling Michelle: Kor mykje kostar den nye terminalen?

Merethe: Usikker.

Anna: Blir det ny veg til Knarvik for dei som bur på Flatøy?

Merethe: Denne planen stoppar ved Frank Mohn.

Bettina: Vert busstilbodet betre?

Merethe: Det er målet å gjere det meir attraktivt å ta buss.

Marcus: Vert det venteområde inne i den nye terminalen?

Merethe: Ja.

Marcus: Vert det sykkelparkering?

Merethe: Ja, til inntil 40 sykklar.

Ole Monrad: Vert det lås på sykkelstativene?

Merethe: Har ikkje detaljene, men vil tru det.

Ling Michelle: Når er dette ferdig?

Merethe: Usikker. Byggestart er i 2021.

Ole Monrad: Vert vegen stengt under arbeidet?

Merethe: Vegen må vere open.

UR - 36/2018 VEDTAK:

Ungdomsrådet kom med følgjande innspel:

Det er viktig at parkeringsplassen har ladestasjon for elbilar, gjerne mot ein avgift.

Sykkelparkering er nødvendig, gjerne innendørs eller under tak, med lås på stativa.

Bilar frå Holsnøy må kunne parkere på Flatøy uten å køyre gjennom bompengestasjon .

Det er viktig med innendørs venteområde for kollektivtransport.

Sterkt ønskje om betre busstilbod til Rossland.

37/2018: Reguleringsplan for KV 1133 Myrvollane til Hestdal - Offentleg ettersyn og høyring

Rådmannen sitt framlegg:

Ungdomsrådet kjem med inspel i møtet.

04.10.2018 UNGDOMSRÅDET

Harry Finseth orienterer om reguleringsplanen.

Ungdomsrådet sine innspel til prosjektet:

Ling Michelle: Kvifor vil de gjennomføra dette prosjektet?

Harry: Vi må ha nytt vassverk, kommunen har alt for lite vatn no, vegen i området er for dårleg og må betrast.

Marcus: Vil vassverket gje vatn til heile kommunen?

Harry: Ja

Anna: Om det kjem ein ny tørkeperiode slik som vi hadde i sommer, vil vi ha vatn?

Harry: Det nye vassverket gjev ein mykje tryggare vassforsyning.

Ole Monrad: Beholdes gamle vegen?

Harry: Deler av den beholdes, nokre stader bygges det ny veg utanfor den andre. Vi reknar med å lage betre sikt og avkjørslar. I dag går vegen gjennom nokre gårdstun.

Marcus: Tek den nye vegen mykje av marka til bøndene?

Harry: Nokre stader vert gamle vegen beholdt, andre stader vert den endra. Den nye vegen vil ta noko av marka, men vil lage nye område andre stader.

Marcus: Er det den samme personen som eig områda?

Harry: Ja.

Marcus: Blir det gang- og sykkelveg? Er det moglegheit for eit fortau?

Harry: Nei. Bygdeveger som er ca 3-4 meter breie med denne trafikken regnes som OK og vi ønskjer ikkje å bygge breiare, då risikerar ein at folk køyrer fortare.

Marcus: Kva er fartsgrensa?

Harry: 50 km/t.

Marcus: Vert det lyktestolper?

Harry: Usikker.

Marcus og Simon: Vert det fotoboks? Dersom politiet ikkje har kontrollar er det lett for at folk køyrar for fort.

Harry: Usikker.

Marcus: Vert det autovern? Då er det vanskeleg for gåande å kome seg ut av vegen.

Harry: Dersom det er bratte skråningar vert autovern vurdert.

Marcus: Har alle bebuarar fått beskjed?

Harry: Vi held på å lage avtalar med alle som vert berørt.

Marcus: I kor lange periodar vert vegen stengt mens dei byggjer?

Harry: Vi vil prøve å begrense det, trur det blir rundt 20 minutt.

Ole Monrad: Er det stor sannsynlegheit for telehiv i vegen?

Harry: Vi bygger telefritt, men det er eit problem i overgangen mellom gammelt/ nytt.

Marcus: Kven skal byggje vegen?

Harry: Vi vil spørre minst tre lokale aktørar.

Marcus: Kva er budsjettet for vegen?

Harry: Det er antyda 25 millioner.

Ling Michelle: Kven har de tenkt å bruke på utbyggjing av vassverket?

Harry: Veit ikkje endå.

Ling Michelle: Er det samme budsjett som vegen, eller er det nytt budsjett til vassverket?

Harry: Budsjettet til vassverket er om lag 80 millionar.

UR - 37/2018 VEDTAK:

Ungdomsrådet gav følgjande innspel i møtet:

Den nye vegen må ta hensyn til gåande.

38/2018: Val av representantar til Hordaland nettverkssamling 2018

Rådmannen sitt framlegg:

Ungdomsrådet vel tre representantar.

04.10.2018 UNGDOMSRÅDET

Det vart bestemt at kun representantar kan reise på nettverkssamlinga. Susanne Sørli Slettebakken, Ebbe Io, Marcus Skjelvik og Simon Eilertsen ønskjer å reise. Det vart bestemt at sidan Ebbe og Marcus ikkje har deltatt på nettverkssamlinga tidlegare får dei reise. Det vart foretatt hemmeleg avstemning på den tredje representanten.

UR - 38/2018 VEDTAK:

Ebbe Io, Marcus Skjelvik og Susanne Sørli Slettebakken representerer Meland Ungdomsråd på Hordaland nettverkssamling 2018.

39/2018: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

04.10.2018 UNGDOMSRÅDET

Ebbe Io og Susanne Sørli Slettebakken: Vi var i Oppegård kommune med fellesnemnda i helga, på Seek 'n Find, for å lære om vi kan arrangere eit liknande arrangement for kommunane her i området. Vidare vart følgjande saker tatt opp.

Ole Monrad: Det er for dårleg busstilbod til Rossland.

Susanne: Busstilbod er ein fylkeskommunal sak, vi kan ta det opp på fylkestinget.

Bettina: Er det ikkje noko meir vi kan gjere?

Susanne: Vi kan sende mailer til Skyss og etterlyse fleire 340 bussar.

Ling Michelle: Mobilhotell.

Susanne og Ebbe: Det er ein skulesak, som kan nemnast for elevrådet.

UR - 39/2018 VEDTAK:

Ungdomsrådet tek informasjonen til orientering.

41/2018: Logo - Trygt og godt miljø

Rådmannen sitt framlegg:

Det blir valt ein logo for trygt og godt oppvekst- og skulemiljø.

04.10.2018 UNGDOMSRÅDET

Ungdomsrådet stemte på dei tre forslaga Anette Hesjedal hadde med. Forslag 1 fekk 9 stemmer, forslag 2 fekk 4 stemmer og forslag 3 fekk 0 stemmer.

UR - 41/2018 VEDTAK:

Ungdomsrådet valde forslag ein til logo, som Anette tek vidare til grafisk designar.
